

Advokatfirmaet Vikse AS
Postboks 95
3101 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7127 - 21/59356

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
08.09.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 323/509 Frekhaug

Tiltak: Oppretting av 2 nye grunneigedomar
Byggjestad: Gbnr 323/509
Ansvarleg sækjar: Advokat Paul Vikse

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.08.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om deling av Eigedom 2, fellesareal, må nabovarlas i samsvar med reglane i Pbl. § 21-3.
2. Det må sendast inn nytt oppdatert situasjonskart som også syner tidlegare oppretta grunneigedomar.
3. storleiken på areala som vert søkt oppretta kan med fordel oppgjevast.
4. Det må vurderast om regulert offentleg gangveg, o_G2, skal delast frå.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 10.10.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokatfirmaet Vikse AS

Postboks 95

3101 TØNSBERG